



Utval: Hovudutval for oppvekst, kultur og omsorg
Møtestad: Hamaren Fyresdal Næringshage
Dato: 09.05.2019
Tid: 08:30

Forfall meldast til sentralbordet på tlf. 35 06 71 00.
Varamedlemmer møter bare etter nærare varsel.

Saksliste

Utvals- saksnr	Innhald	Lukka møte(X)
PS 12/19	Referatsaker	
PS 13/19	Søknad om økonomisk stønad til Sommar Kick off	
PS 14/19	Fordeling av kulturmidlar 2019	
PS 15/19	Idrettsstipend 2019	X
PS 16/19	Kulturprisen 2019	X

Fyresdal 3. mai 2019

Nils Kristian Moe
utvalsleiar

Fellestenesta
utvalssekretær

PS 12/19 Referatsaker

RS 37/19 Orientering frå administrasjonen

RS 38/19 Rapport 2018 - Fyresdal Frivilligsentral

RS 39/19 Handlingsplan mot vald i nære relasjonar 2019-2023 - orientering



Saksframlegg

Søknad om økonomisk stønad til Sommar Kick off.

Utval	Utvålssak	Møtedato
Hovudutval for oppvekst, kultur og omsorg	13/19	09.05.2019

Endeleg vedtaksrett i saka har utvalet for omsorg, kultur og oppvekst, OKO utvalet

Dokument i saka:

Søknad om økonomisk stønad av 29.04.2019

Bakgrunn for saka:

Meieriet Cafe pub og pizza har i ei årrekkje arrangert konserter for å skape aktivitet og liv i bygda. Dei har no planar om eit sommar kikck off 28.06.19 på meiereit med ei samling der humor og underhaldning er tema. Dette vil bli eit arrangement for dei over 18 år, med stand-up showet «Halve Norges Golden» med Johan Golden. Alex Rosen skal vere konferansier. Dette er kostbare artistar å leige inn, og Meieriet søkjer kr 20.000,- i økonomisk stønad for å delvis dekkje utgifter.

Vurdering:

Spørsmålet/saka er vurdert ut frå følgjande mål i økonomiplanen for 2019 - 2022/måla i budsjettet for 2019 i avdeling for kultur:

Legge til rette for eigne og eksterne kulturarrangement

Det er flott at Meieriet drar i gang arrangement til glede for mange i bygda, og det kostar krefter og mot til å satse, ikkje minst på grunn av det er vanskeleg å berekne inntekter ved slike arrangement, det er mange usikre faktorar som spelar inn.

Fyresdal kommune har ei klart satsing på at barn- og unge skal prioriterast i kultursatsinga, og at ein skal ha fokus på førebyggjande rusarbeid. I så måte fell ikkje arrangementet inn under denne satsinga.

Men vi har og eit mål om å legge til rette for eigne og eksterne kulturarrangement. I og med at kulturavdelinga er såpass redusert som den er, er det viktig å stø opp om arrangement som andre tar tak i, og som mange kan ha glede av. Dette er ei stor satsing, med innleigde aktørar for kr 160.000,-. I tillegg kjem utgifter til vakthald, lyd og scene. Dette kan vere eit tiltak som trekk folk frå heile Vest-Telemar, og kan gje god reklame for Fyresdal.

Sjå budsjett for arrangementet på neste side, som faktisk ikkje går i null, men eit underskot på kr 108.000,-. Dei er difor heilt avhengig av økonomisk stønad for å kunne dra i gang arrangementet.

Utgifter		Inntekter	
Alex Rosen:	70.000 kr	Billettinntekter:	80.000 kr
Johan Golden:	65.000 kr	Øl og matsalg:	<u>25.000 kr</u>
Band:	25.000 kr		
Reklame:	4.000 kr		
Vektene:	20.000 kr		
Bartendere, servitører:	12.000 kr		
Scene, lydmann:	<u>17.000 kr</u>		
Sum utgifter:	<u>213.000 kr</u>	Sum inntekter:	<u>105.000 kr</u>

Konklusjon:

Kultur har ikkje mykje midlar til slike tiltak, totalt kr 40.000, så å løyve kr 20.000,- er vanskeleg. Men ein ynskjer å vere positiv til tiltaket, og kan gå inn for halvparten, kr 10.000,-.

Innstilling frå rådmannen:

Fyresdal kommune løyver kr 10.000,- til Sommer Kick off 28.06.2019, arrangert av Meieriet Cafe pub og pizza. Løyving frå konto 1.260.470 .

Une Marit Aarbakk Tangen	
Konstituert rådmann	Hilde Martini Momrak
	kulturkonsulent

**Saksframlegg****Fordeling av kulturmidlar 2019**

Utval	Utvallsak	Møtedato
Hovudutval for oppvekst, kultur og omsorg	14/19	09.05.2019

Endeleg vedtaksrett i saka har Hovudutval for oppvekst, kultur og omsorg**Dokument i saka:**

20 søknadar

Bakgrunnsmateriale – søknad og forslag til tildeling

Vedlegg:

1 Retningsliner for tildeling av kulturmidlar

Bakgrunn for saka:

Kvart år i april / mai blir det fordela kulturmidlar til lag og organisasjonar, fristen for å søke er 15. mars. Kvart år blir det annonsert i Vest-Telemark Blad, heimesida, facebook og kommuneinformasjonen. Fyresdal kommune har i år motteke 20 søknadar innan fristen, dette er nokon færre enn i fjor. Sum som er avsett til kulturmidlar 2019 er kr 442.000 altså same sum som dei to føregåande åra.

Tidlegare er det gjort vedtak som får konsekvensar for tildelinga. Dette ligg inne som faste tiltak. Tilskotet til Vest-Telemark Museum er indeksregulert og er i år på kr 138.424. Tilskotet er utbetalt. Tilskotet til 17.mai komiteen på kr 6.500 er gjort fast i 2010 og tilskotet til løypekøyning på Veum på kr 30.000 er gjort fast i 2016, begge tilskota er utbetalt. Elles under faste tiltak ligg idrettsstipendet (15.000) og kulturprisen (10.000). Totalt i år utgjer dei faste tiltaka kr 199.924. Etter at dei faste utbetalingane er gjort er det kr. 242.076 som blir fordela på lag og foreiningar.

Fordeling	2017	2018	2019	% 2019
17. mai komitè	6.500	6.500	6.500	
Vest-Telemark Museum	131.249	133.743	138.424	
Idrettsstipend	15.000	15.000	15.000	
Kulturprisen	10.000	10.000	10.000	
Løypekøyning Veum	30.000	30.000	30.000	
Sum faste tiltak	192.749	195.243	199.924	45%
Sum til fordeling lag og foreiningar	249.251	246.757	242.076	55%
Sum kulturmidlar	442.000	442.000	442.000	100%

Det er utarbeidd retningslinjer for tildeling av kulturmidlar, desse blei sist revidert og vedtekne av hovudutvalet for oppvekst, kultur og omsorg 23.11.2017. Det blei ei endring i pkt. 2.7, som då blei lydande slik: 2.7 Tiltak for born og unge skal bli prioritert.

Søknadane viser at det er stor aktivitet i lag og foreiningar og at dei fleste laga har god økonomi, men litt variasjon er det sjølvsagt. Søknadane er delt inn i kategoriane idrettslag, grendelag og andre lag.

Vurdering:

Spørsmålet/saka er vurdert ut frå følgjande mål i økonomiplanen for 2019 - 2022/måla i budsjettet for 2019 i avdeling skule og kultur: Born og unge skal prioriterast i kultursatsinga.

Idrettslag:

I år har fem lag søkt i kategorien idrettslag. Vest-Telen modellflyklubb har søkt tidlegare men ikkje i år. Det er tidlegare sagt at det er rimeleg at om lag 70% av kulturmidlane går til idretten. Summen blir i år kr. 170.000. I 2018 var summen kr. 172.730.

Laga i denne kategorien har totalt 185 medlemmar under 19 år. Tala er henta frå siste tilgjengelige idrettsregistrering (31.12.2017). Idrettslaga har frist til 30.04.2019 med å rapportere sine medlemstall for 2018, slik at det er medlemstala for 2017 som er tilgjengelige og lagt til grunn når summen skal fordelast.

Grendehus:

Seks grendelag/grendehus har søkt i år. Vestkanten grendelag har ikkje søkt.

Hauggrend grendelag eig grendehuset i Hauggrend, dei seks andre grendehusa er det Fyresdal kommune som eig.

Veum grendehus er det skiskyttarlaget som driftar. Skiskyttarlaget har difor sendt inn egen søknad som gjeld grendehuset.

For tildeling i denne kategorien blir det mest lagt vekt på utgifter til straum og aktiviteten i laget. Hauggrend grendelag har som eigar av grendehuset meir driftsutgifter enn dei andre laga, dette er teke omsyn til ved tildelinga.

Andre lag og organisasjonar:

Ni lag har søkt i år, i fjor var det 12 lag som hadde søkt i denne kategorien.

Fyresdal bygdekor, Fyresdal jakt og fiskelag og Fyresdal bygdeungdomslag er laga som blei tildela midlar i fjor men som ikkje har søkt i år.

Ut ifrå søknadane som er sendt inn ser ein at det er mykje friviljug arbeid som leggest ned i dei ulike laga.

Konklusjon:

På bakgrunn av innkomne søknadar, gjer ein følgjande fordeling av kulturmidlar for 2019:

Idrettslaga	2017 2/3 barn og 1/3 vaksne	2018 Born under 19 år	Søkt 2019	2019 Born under 19 år
Fyresdal idrettslag	71400	85600	80000	77100
Fyresdal motorsportklubb	11000	16000	25000	20200
Fyresdal skiskyttarlag	24000	23500	30000	21800
Fyresdal skyttarlag	32000	32500	35000	31400
Hugljufur Islandshestforening	33000	15100	40000	19500
Vest-Telen modellflyklubb	3000	0	Ikkje søkt	
Sum idrettslaga	174400	172700	210000	170000 ca.70% av kr.242 076

Grendelaga	2017	2018	Søkt 2019	2019
Hauggrend grendelag	Ikkje søkt	7000	15000	8000
Heggland grendelag	5000	4500	5000	5000
Kilegrend grendelag	7000	4500	8000	5000
Kleivgrend grendelag	4000	4500	6000	5000
Vestkanten grendelag	5000	4500	Ikkje søkt	
Åsland grendelag	6000	4500	6000	5000
Veum grendehus (skiskytterlaget)	8000	4500	10000	5000
Sum grendelaga	35000	34000	50000	33000

Andre lag	2017	2018	Søkt 2019	2019
Dalen fotoklubb	0	0	8500	2000
Amcar Vest-Telemark	Ikkje søkt	0	Ikkje søkt	
Fyresdal bygdekvinnelag	1500	1000	5000	2000
Fyresdal musikkorps	13000	8000	30000	10000
Fyresdal Røde Kors	4500	4500	4000	5000
Fyresdal sogelag	1000	1000	3000	2000
Førsdal bygdekor	1000	1000	Ikkje søkt	
Roan 4H	8500	8500	11000	9000
4H Vest	3000	Ikkje søkt	Ikkje søkt	
Fyresdal familiekor	4351	4057	4000	6076
Fyresdal pensjonistlag	1000	1000	1000	1000
Veum grendelag	2000	2000	2000	2000
Fyresdal Jakt- og fiskelag		5000	Ikkje søkt	
Fyresdal Bygdeungdomslag		4000	Ikkje søkt	
Sum andre lag	39851	40057	68500	39076

Innstilling frå rådmannen:

På bakgrunn av innkomne søknadar, gjer ein fylgjande fordeling av kulturmidlar for 2019:

Idrettslag	Søkt 2019	2019 Born under 19 år)
Fyresdal idrettslag	80000	77100
Fyresdal motorsportklubb	25000	20200
Fyresdal skiskytterlag	30000	21800
Fyresdal skytterlag	35000	31400
Hugljufur	40000	19500
Islandshestforening		
Sum idrettslaga	210000	170000

Grendelaga	Søkt 2019	2019
Hauggrend grendelag	15000	8000
Heggland grendelag	5000	5000
Kilegrend grendelag	8000	5000
Kleivgrend grendelag	6000	5000
Åsland grendelag	6000	5000
Veum grendehus (skiskytterlaget)	10000	5000
Sum grendelaga	50000	33000

Andre lag	Søkt 2019	2019
Dalen fotoklubb	8500	2000
Fyresdal bygdekvinne­lag	5000	2000
Fyresdal musikkorps	30000	10000
Fyresdal Røde Kors	4000	5000
Fyresdal sogelag	3000	2000
Roan 4H	11000	9000
Fyresdal familiekor	4000	6076
Fyresdal pensjonistlag	1000	1000
Veum grendelag	2000	2000
Sum andre lag	68500	39076

Løyving frå konto 1263 470 kulturmidlar

Une Marit Tangen	
Konstituert rådmann	Reidunn Sandvik
	sekretær



Saksframlegg

Idrettsstipend 2019

Utval	Utvalssak	Møtedato
Hovudutval for oppvekst, kultur og omsorg	15/19	09.05.2019

Endeleg vedtaksrett i saka har hovudutvalet for oppvekst, kultur og omsorg

Dokument i saka:

Reglar for tildeling av idrettsstipend revidert 23.11.2017
Oversyn idrettstipendet 1994-2018
Framlegg til idrettsstipend 2019

Bakgrunn for saka:

Idrettstipendet vert delt ut kvart år, i tråd med retningslinene som er vedteke av OKO-utvalet. Det har tidlegare vore ein stipendnemnd med representantar frå idrettsråd, skyttarlag og ordførar. Dette er frå 2016 overført til hovudutvalet for oppvekst, kultur og omsorg. Prisen delast ut 17. mai av ordføraren og er ein sjekk på kr 15.000,-.

Vurdering:

Spørsmålet/saka er vurdert ut frå følgjande mål i økonomiplanen: Kultur og oppvekst skal spele ei nykelrolle i utvikling av kommunen.

Konklusjon:

Framlegga vert lagt fram i møtet, og saka vert lagt fram utan innstilling til vedtak.

Une Marit Aarbakk Tangen	
Konstituert rådmann	Reidunn Sandvik
	sekretær



Saksframlegg

Kulturprisen 2019

Utval	Utvalssak	Møtedato
Hovudutval for oppvekst, kultur og omsorg	16/19	09.05.2019

Endeleg vedtaksrett i saka har hovudutval for oppvekst, kultur og omsorg

Dokument i saka:

Reglar for tildeling av kulturprisen, revidert 06.01.2016
Liste med vinnarar av kulturprisen 1977-2018
Framlegg til kulturprisen 2019

Bakgrunn for saka:

Kulturprisen vert delt ut kvart år, i tråd med retningslinjene som er vedtekne av OKO-utvalet. Prisen delast ut 17. mai av ordføraren og er ein sjekk på kr 10.000,- samt ein diplom med grunngjeving for prisen. Årets diplom vert laga av Gunnar Grunnvik.

Vurdering:

Spørsmålet/saka er vurdert ut frå følgjande mål i økonomiplanen: Kultur og oppvekst skal spele ei nykelrolle i utvikling av kommunen.

Konklusjon:

Framlegga vert lagt fram i møtet, og saka vert lagt fram utan innstilling til vedtak.

Une Marit Aarbakk Tangen	
Konstituert rådmann	Reidunn Sandvik
	sekretær